

Til ungdomsskulane i Vestland

Dato	09.05.2022
Vår referanse	2022/1012-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Elin Meyer Wikan
E-post	Elin.Meyer.Wikan@vlfk.no
Telefon	

Innrapportering av standpunktcharakterer i samband med inntaket til vidaregåande skular, skuleåret 2022/2023

Ungdomsskulane må også i år rapportere standpunktcharakterane for alle elevane på 10. trinn. (Merk at også karakterar i fag som er avslutta tidlegare enn 10. klasse skal rapporterast, t.d. musikk og mat og helse).

Innrapportering:

Karakterane skal sendast gjennom VIGO Skole, <http://www.vigoportalen.no/vigop/>

Skular som på grunn av manglande datasystem ikkje kan overføre karakterane elektronisk, kan nytte menyvalet «Data til Vigo» i VIGO Skole. Les meir om korleis du nytta menyvalet «Data til Vigo» her: <https://ist.guidecloud.se/1392.guide>

Innsendingsfrist: fredag 17. juni

Viktig å merke seg før overføring til VIGO:

Viser til skriv frå Utdanningsdirektoratet «Føring av vitnemål og kompetansebevis for grunnskolen i Kunnskapsløftet 2022».

Føringsskrivet finn du her: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/dokumentasjon/vitnemal-og-kompetansebevis/foring-vitnemal-kompetansebevis-gs/>
Ber om at lenka til føringsskrivet blir formidla vidare til dei som registrerer standpunktcharakterar

Alle elevar som har behov for FAM- og VMM-merknader må ha **riktig** FAM -og VMM merknader registrert inn.

FAM-kodane er særskilt viktig for at eleven skal få utrekna riktig poengsum ved inntak.

- Elevar med fritak, sjå ovannemnde skriv pkt. 6.
- Elevar med individuell opplæringsplan, sjå ovannemnde skriv pkt. 6 i forhold til karakterane F (friteken) og IV (ikkje karaktergrunnlag).
- Elevar med særskilt språkopplæring, sjå ovannemnde skriv pkt. 8. Eleven si målform (bokmål, nynorsk eller samisk) må vere registrert inn. Utdanningsdirektoratet skal lage statistikk på om elevane endrar målform frå grunnskulen til vidaregåande skule gjennom det vidaregåande opplæringsløpet.

Eksamen er for skuleåret 2021/2022 avlyst på grunn av korona. Korleis dette skal førast på vitnemålet finn de i pkt 4 (Avlyst eksamen) i ovannemnde skriv.

Føring av valfag

Vi viser til føringsskrivet for grunnskulen, pkt 4:Føring av standpunkt- og eksamenskarakterar mv,
Nærmere om valfag

«Elevene skal ha opplæring i valgfag hvert år. Sluttvurderingsordningen i valgfag er ulik sluttvurderingsordningen i alle andre fag. Eleven kan ha det samme valgfaget over flere år eller velge ulike valgfag. Dersom eleven velger ulike valgfag skal det settes en standpunktakarakter for hvert fag, for elever som velger samme fag over flere år er det standpunktakarakteren som settes på det høyeste årstrinnet som skal føres på vitnemålet. Dersom eleven har hatt ulike valgfag så skal det beregnes en gjennomsnittskarakter ved inntak til videregående opplæring.»

Berekning av gjennomsnittskarakter blir gjort i VIGO. Valfag tel etter dette i poengsummen som kun eitt fag.

Hausten 2020 ble det innført nye fagkoder for alle valfag.

Elevar som går ut fra grunnskulen i 2022 vil ha ei blanding av valfagkoder frå LK06 og LK20. Sjå info her. <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/dokumentasjon/vitnemal-og-kompetansebevis/oversikt-over-valgfagskoder-i-lk06-og-lk20/>

Dei valfaga som blir ført på vitnemålet skal og overførast til Vigo

Nedanfor følgjer nokon eksemplar:

Eksempel 1:

- 8. årstrinn - VAL0013 - Design og redesign standpunktakarakter 5
- 9. årstrinn - VAL0060 - Produksjon for scene standpunktakarakter 4
- 10. årstrinn - VAL0049 - Ideer og praktisk forskning standpunktakarakter 5

Eleven har hatt tre ulike valfag. Alle tre faga skal sendast til Vigo med standpunktakarakterar. Det blir rekna ut eit gjennomsnitt av dei tre karakterane.

Eksempel 2:

- 8. årstrinn - VAL0028 - Natur, miljø og friluftsliv standpunktakarakter 3
- 9. årstrinn - VAL0060 - Produksjon for scene. Standpunkt 4
- 10. årstrinn - VAL0055 - Friluftsliv standpunktakarakter 5

Faget VAL0028 og VAL0055 er same fag. VAL0028 skal difor **ikkje** overførast til VIGO.

Faget VAL0060 frå 9. årstrinn (med karakter) og VAL0055 frå 10. årstrinn (med karakter) skal sendast til Vigo. Det blir rekna ut eit gjennomsnitt av dei to standpunktakarakterane.

Eksempel 3:

- 8. årstrinn - VAL0037 - Innsats for andre standpunktakarakter 5
 - 9. årstrinn - VAL0051 - Innsats for andre standpunktakarakter 5
 - 10. årstrinn - VAL0051 - Innsats for andre standpunktakarakter 5
- Faget VAL0037 og VAL0051 er same fag. VAL0037 skal difor **ikkje** overførast til VIGO.
Faget VAL0051 frå 10. årstrinn (med karakter) skal sendast til Vigo.

Føring av fråvær Det er kun fråvær frå 10. trinn som skal overførast til VIGO. For elevar som ikkje har noko fråvær skal det førast 0 dagar og 0 timer på fila.

Viktig!!

Dersom det er elevar som får endra karakter på bakgrunn av klage eller evt. feilregistrering, må dette meldast snarast mogleg. Vi treng eleven sitt namn, fagkode og ny og gammal karakter

Dersom elevar har fått nytt personnummer sidan førre innrapportering, må dette meldast til Mette Susanne Dale på tlf. 57 99 23 38.

Det er viktig at elevar som har slutta ved skulen før standpunktakarakterane er lagt inn, blir ført med sluttdato i skulesystemet.

Vi minner elles om at det er viktig å oppdatere skulen sin kontaktinformasjon på Nasjonalt Skuleregister (<https://nsr.udir.no/>)

Vår kontaktperson i høve til karakteroverføringa er:

Mette Susanne Dale, tlf. 57 99 23 38, e-post: Mette.Susanne.Dale@vifk.no

Vi takkar skulane for godt samarbeid i det skuleåret som snart er ferdig, og ønskjer alle ein god sommar.

Med helsing

Hege Bugge Gjerdevik Osebakken
fagleiar
OPK - Forvaltning

Elin Meyer Wikan
rådgjevar
OPK - Forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift